



## **STRATEGI OG RETNINGSLINER FOR NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK),**



**VAKSDAL KOMMUNE,  
2022-2026**

*Reviderte og vedtekne av formannskapet i møtet av 15. mars 2022*

## 1.0 INNLEIING

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) er ei statleg tilskotsordning som skal stimulere til verdiskaping ut frå regionale og lokale prioriteringar, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne blir tekne vare på og utvikla. Tilskot kan gjevast til skogeigarar etter søknad.

Tilskotsordninga er styrt gjennom «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket». Ordninga dekkjer ulike typar tilskot der kommunen har vedtaksmynde om tildeling.

I følgje § 3 i forskrifta har kommunen krav om å utarbeide lokale retningsliner («Overordna retningsliner») for prioritering av søknader om NMSK-tilskot. Retningslinene skal utarbeidast i samarbeid med stasforvaltaren og lokale næringsorganisasjonar i landbruket (Vaksdal og Modalen skogeigarlag og Eksingedalen-Vaksdal bondelag). Desse har vore involvert i prosessen.

Statsforvaltaren orienterer om rettleiande satsar for lokale tiltak som kommunen løyver tilskot til, for å unngå for store skilnadar mellom kommunane. Kommunane fastset sjølv tilskotssatsane for tiltaka.

Vaksdal kommune har NMSK-strategi for prioritering og bruk av midlande for perioden 2018-2021. Strategien som no vert revidert, skal gjelde for 2022 – 2026, og tek utgangspunkt i dagens situasjon, framtidige utfordringar og kommunen sine mål for skogbruket.

Intensjonen med strategien er å medverke til at skogbruket får langsiktige og stabile rammer å drive etter, der NMSK-midlane skal stimulerer til lokal aktivitet og utvikling, i tråd med måla for strategien skal fremje.  
*Tømmer klar til levering. Myster.*

Foto: T.H.Øye

NMSK-strategien er vedteken av formannskapet på møtet den 15.02.22, og skal vere styrande for kommunen sin forvaltning og bruk av tilgjengelege midlar.



## 2.0 RESSURSGRUNNLAG OG SKOGSDRIFT

Vaksdal kommune har eit produktivt skogareal på om lag 115 000 daa. Av dette reknar ein med at om lag 65 000 daa er økonomisk drivverdig areal, der om lag 17 000 daa er aktuelt for eit intensivt skogbruk i tradisjonell forstand.

På 1950-talet vart det sett i gong skogreisingsaktivitet i Vaksdal, og kommunen engasjerte seg dei neste ti åra, i å byggje opp ressursgrunnlaget for ei framtidig skognæring.

### Planteaktivitet

Det er om lag 10 000 daa planteskog i kommunen, for det meste gran, men også litt furu. I tillegg finst det areal som kan eigne seg for nyplanting. Registrert planteaktivitet i ØKS i kommunen dei siste 20 åra, viser høg aktivitet frå 1992 til 2002. Plantinga har etter dette gått kraftig ned, og skjer no berre - og knapt nok - i samband med forynging etter hogst (ikkje ny-plantingar). Fleire av skogeigarane som har avvirka tømmer dei siste åra, viser liten interesse for å for å forynge, og har ofte andre planar for arealet. Her er det viktig at kommunen rettleier om regelverket og føremålet med å plante.

### Årleg hogst



Skogreisinga fram mot 1990, har ført til at det i dag - og framover - vil vere relativt mykje hogstmogen skog i kommunen. Hogsten har, naturleg nok, variert mellom åra, men jamt over vore låg. Grunn-

laget er truleg større enn uttaket, men i 2019 og 2021 var avvirking rekordhøg, med levering av kring 3300 og 4200 m<sup>3</sup> med tømmer (hovudsakleg gran). Dette kan indikere større interesse for hogst, sjølv om aktiviteten vil vere styrt av fleire forhold, mellom anna prisen på tømmer. Den største flaskehalsen mange stader, er likvel truleg mangelfull infrastruktur, både på offentleg vegnett og skogsbilvegar, med vanskeleg tilkomst og svekka grunnlag for lønsam drift. I tillegg kjem krevjande driftsforhold.


Døme på område med vesentlege skogressursar, er Bogalia, Øyane, Gammersvik – Toskedalen, Eidslandet og Flatekval i Eksingedalen.

### Omsetjingsverdi for levert tømmer

Avvirking og omsetjingsverdi heng saman, avhengig prisar i marknaden. Grunna låg avkasting har den samla verdien for Vaksdal kommune vore liten i mange år. Likevel viser leveringa av tømmer i 2019 og 2021 at det er knytt vesentlege verdiar ved volumhogst.



i ØKS  
aktivitet  
innanfor  
Her er  
mykje å hente ved informasjon og rettleiing.



**Skogkultur**  
Registreringar  
viser liten  
blant  
skogeigarane  
skogkultur.  
det truleg

### **Skogsvegar**

Det er opp gjennom åra bygd fleire skogsvegar/skogsbilvegar av ulike karakter og storleik i kommunen, med og utan statstilskot, og det er registrert kring 25 vegprosjekt i ØKS. Byggjeaktivitet var høgare før, samanlikna med dei siste åra, men i 2021 vart det løyvd midar til å byggje Lialeitevegen i Bergsdalen som skogbilveg klasse 4.

### **3.0 MILJØVERDIAR OG BRUKARINTERESSER I SKOG**

I tillegg til å danne grunnlag for skogbruk, representerer skogen landskaps- og kulturelement, leveområde for planter og dyr og ferdsleområde for menneske, med påfølgjande interesser for bruk og vern. Slike forhold kan mellom anna være knytt til jakt og fiske, tradisjonelt friluftsliv, klassisk naturvern og ivaretaking av arter og livsmiljø. Det er difor naturleg at desse verdiane får merksemd i NMSK-strategien, og ved kommunen sitt informasjon til skogeigarar m.fl.



Tiurleik. Foto: S. Klyve)

Skogen og skogbruket er aktualisert som ressurs og verkemiddel i klimapolitikken («det grønne skiftet»). Det er difor viktig at klimaperspektivet får merksemd i ressursforvaltninga.

### **3.0 SAKSHANDSAMING**

**Lovverk**

- Lov om skogbruk
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket»
- Forskrift om berekraftig skogbruk

#### **Rammer/grunnlag**

- Regionalt skog- og klimaprogram 2019-2022
- Kommuneplanen for Vaksdal kommune, med arealdel
- Forslag til Hovudplan for skosveggar i Vaksdal kommune (ikkje vedteken)
- Vernskoggrenser i Vaksdal kommune, Landbruksenemnda 03.03.93

#### **Kunnskagsrunnlag**

Tilgjengeleg kunnskaps skal nyttast i både handsamkinga av stategien og ved tilrettelegging og informasjon til grunneigarane om drfit og verkemiddelbruk i skogbruket. Aktuelle kjelder:

- Kystskogbruket
- Sogn og Fjordane skogselskap
- Aktiv Skogbruk/Skogkurs

#### **Søknadar og tildelingar**

Søknadar om tilskot skal fremjast på elektonisk søknadsskjema for ordninga via Skogfondssystemet eller Altinn. Sakshandsaming skal skje i tråd med offentleg regelverk og NMSK-strategien. Tildeling vil vere styrt av ramma kommunen har til disposisjon. Det skal søkjast ein god fordeling mellom bruk av skogfondsmildar og NMSK-midlar.

## **4 MÅLSETJINGAR**

#### **Hovudmål:**

NMSK-strategien skal saman med anna planlegging og verkemiddelbruk i regi av kommunen, leggje til rette for auka skogbruksaktivitet og ei forsvarleg ressursforvaltning, målt ut frå kjende produksjons- og miljøparameter.

#### **Delmål:**

- Potensialet for hogst på gode lokalitetar skal nyttast best mogeleg.
- Forynging etter hogst skal gjennomførast for å sikre tilvekst og ressursoppbygging.
- God ungsogpleie skal leggje grunnlag for å utvikle tømmer av høg kvalitet – og god lønsemd.
- God infrastruktur skal sikre rasjonell hogst og transport av tømmer.
- Verdfulle natur- og kulturminne skal takast omsyn til/sikrast ved skogbruksdrifta.
- Klimaperspektivet skal liggje til grunn ved drfit a ksogemor skogbruksaktiviteten.

### **5.0 TILTAKSDEL: PRIORITERINGAR AV NMSK-TILSKOT**

Vektleggingar og prioriteringar for bruk av NMSK-midlane, går fram av det følgjande:

## Miljø- og klimatiltak i skog

### STRATEGIAR:

- Opplyse om;
  - medvit og informasjon kring miljø- og klimatiltak i skog
  - bruk skogbruksplanlegging med MIS-kartlegging.
  - fleirbruksomsyn.
  - rett hogsttidspunkt (CO2-binding).
  - «friviljug vern».

### PRIORITERTE TILTAK

- Skjøtsels- og kartleggingstiltak som tek vare på og utviklar natur- og miljøverdiar.
  - Kant-/randsoner, auke lautreinnslag
- Tiltak i område med høg naturverdi

### TILSKOTSSATS:

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – inntil 100 % tilskot, avhengig av kostnad og tilgjengelege tilskotsmidlar.

### ANSVAR/ROLLE:

- Kommunen fastset tilskotsats, prioritere og løyver tilskot (jf. § 6 NMSK-forskrifta).

## Skogkultur – høg prioritet

### STRATEGIAR:

- Årleg informasjon til skogeigarar om skogkultur og tilskotsordninga.
- Oppsøkjande verksemd hos skogeigarar om ungskogpleie.
- Følgje opp lovpålagt forynging etter hogst.
- Stimulere til planting straks etter hogst, evt. med «tettare planting».
- Oppmode til skogkulturtiltak i ungskogsfasen (hogsklasse 2).
- Gjennomføre/tilretteleggje for kurs/temadagar/informasjonskveldar o.l.

**Commented [HT1]:** ... om skogkultur, tilskotsordninga og bruk av skogfond

### PRIORITERTE TILTAK OG TILSKOTSSATSAR:

- Ny planting i hogstfelt - 30 % tilskot.
- Ny planting i hogstfelt - 30 % tilskot.
- Ny planting; skogreisingsmark, treslagsskifte til gran – 65 % tilskot.
- Suppleringsplanting i gran og furufelt – 65 % tilskot.
- Lauvrydding i plantefelt – 65 % tilskot.
- Avstandsregulering – 65 % tilskot.
- Informasjon og kompetansehevande tiltak- inntil 70 %

### KOMMUNEN SI ROLLE:

- Fastsetje tilskotsats, prioriterer søknadar og løyve tilskot ( jf. § 4 i NMSK forskrifta).

## Skogsvegbygging – høg prioritet

## STRATEGIAR

- Oppsøke og informere skogeigarane i aktuelle område (td med bakgrunn i Føforslag til «Hovuplan for skogsveg») for å realisere større felles veganlegg før hogst skal vere retningsgjevande for vegbygging. Informere om finansieringsordningane tilskot og bruk av skogfond.
- Legge til rette for at tTransport av tømmer skjer på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte
- «Rett type veg på rett plass».
- Vegar med høgt produksjons-/hogstpotensiale skal ha høgast prioritet.
- Stimulere til å auke skogeigarane sin verdi av tømmeret ved å jobbe aktivt med å utbetre flaskehalsar på det offentlege vegnettet best mogelig bruk av vegen sitt potensielt —utbetre flaskehalsar
- Oppmoding til bruk av plankompetanse i prosjeketeringa.
- Vere initiativtakar og tilretteleggar Tilrettelegging for kurs og kompetanseutvikling hos skogeigarar og entreprenørar;

## PRIOTERTE TILTAK/TILTAK/TILTAK

- Nyanlegg – med vekt på vegklasse 3 og 4. Vurder traktorvegar -og-5der hogstpotensialet er lite—ikkje traktorveg
- Ombygging/punktutbetringar: *- kurvatur, kulvertar, velteplassar/snuplassar o.l.*

## TILSKOTSSATSAR:

— Rettleiande satsar frå Statsforvaltaren, jf. årleg brev.

## ANSVAR/ROLLE

- Fylkesmannen fastset satsar for tilskot og gjer vedtak om tilskot.
- Kommunen gjer vedtak om tilsrår tilskot og følgjer opp vegbygginga inkludert ferdiggodkjenning (jf. §§ 5-3 og 5 i NMSK forskrifta).

## 5.4. Skogsdrift med taubane, hest o.a.

Føremålet med tilskotet er å auka skogbruket si verdiskaping i bratt/vanskeleg terreng Mykje av skogressursane i kommunen, ligg slik terreng. Det har vore lite med taubanedrift i Vaksdal fram til no. Det vi nok vere område med trong for slik drift, men volumet/hogstpotensialet er truleg for lite til å forsvare slike drifter, også i høve til tilgjengelege tilskotsramme og i konkurranse med område i andre kommunar.

## STRATEGIAR:

- Lokalisere aktuelle område, og medverke til planlegging.
- Informasjon om tilgjengeleggjere kunnskap/nye erfaringar ved bruk av hest, og lokalisere aktuelle område

## TYPE TILTAK:

- Uttak av tømmer med taubane i bratt/vanskeleg terreng.
- Uttak av tømmer med hest

#### TILSKOTSSATSAR

- Rettleiande satsar frå Statsforvaltaren, jf. årleg brev.

#### ANSVAR/ROLLE

- Kommunen gjer vedtak om tilskot og følgjer opp vedtaket (jf. §§ 3 og 7 i NMSK forskrifta).

#### ANSVAR/ROLLE

- Statforvaltaren fastset reglar for løyving og gjer vedtak om tilskot.
- Kommunen tilrår tilskot (jf. § 7 NMSK forskrifta).